

Satsar på refleks også i år

28.09.2009



Hobbyklubb-medlemmane fekk refleksvestar måndag og no spørs det kven som er flinkast til å bruka dei. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Som i fjor satsar Hobbyklubben med base i bedehuset på refleksbruk. Måndag kveld fekk dei 35 frammøtte utdelt refleksvestar og dermed er tevlinga i gang: Kven er flinkast til å bruke vesten denne sesongen?



Leiar Tore Mathiesen deler ut vestane. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det vil bli ført nøyaktig statistikk og under vårvslutninga vil den flinkaste refleksvestbrukaren bli påskjønna med ein IPOD.

Det vil også bli fleire sesongpremiar og undervegs gjennom mørketida vil det i tillegg bli mindre tevlingar og utdeling av andre premiar, fortalte leiar Tore Mathiesen til uskedalen.no.

Om ein månad blir det ein spesiell 'bli-sett-kveld'.

Mathiesen streka under for dei unge at sjølv om fotgjengarane ser bilane, ser ikkje bilførarane fotgjengarane hvis dei er utan refleks.

- Trelastlageret har generøst sponsa refleksvestane foran denne sesongen og det set vi svært stor pris på, sa leiaren.

Oddbjørg Heimark oppmoda dei unge til å melda seg på leirar på Brandøy og hadde to alternativ: Anten ten-helga 6.-8. november for 8.-10. klasse eller adventhelga 11.-13. desember for 5.-7-klasse.

Ellers var det stort engasjement i dei ulike gruppene også denne kvelden, med like godt frammøte som det har vore heilt frå starten denne hausten.

Av Ola Matti Mathisen